

# Årsmelding 2019 for Klagenemnda i Sogn og Fjordane fylkeskommune

## 1. Innleiing.

Klagenemnda legg her fram årsmeldinga for arbeidet i klagenemnda i 2019.

### Heimel for klagenemnda.

Klagenemnda er oppretta av fylkestinget i Sogn og Fjordane med heimel i forvaltningslova (fvl.) § 28. Klagenemnda sin kompetanse er tildelt gjennom reglement vedteke av fylkestinget i sak nr. 26/95, sist revidert i sak nr. 47/15. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er klagenemnda personidentisk med fylkesutvalet.

### Oppgåver.

Klagenemnda har til oppgåve å handsame klager på enkeltvedtak fatta av fylkeskommunalt organ, med unntak av fylkestingsvedtak. Enkeltvedtak er vedtak som generelt eller konkret er bestemmende for rettar og plikter til ein eller fleire private personar, og som inneber utøving av offentleg mynde.

### Kompetanse.

Klagenemnda kan prøve alle sider av saka og mellom anna ta omsyn til nye omstende, jf. fvl. § 34. Klagenemnda skal vurdere dei synspunkta klagar kjem med, og kan også ta opp andre forhold. Klagenemnda kan sjølv treffe nytt vedtak i saka, eller oppheve vedtaket og sende saka attende til underinstansen for heilt eller delvis ny handsaming. Eit vedtak kan ikkje omgjerast til ugunst for klagar, med mindre klagar sine interesser må vike overfor omsynet til andre privatpersonar eller offentlege interesser.

Klagenemnda skal avvise klagen, dersom vilkåra for å behandle den ikkje føreligg.

Klagenemnda handsamar mellom anna klager over enkelte vedtak etter veglova. Det følgjer av at regionvegsjefen høyrer inn under fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesveggar. I praksis inneber dette at klagenemnda gjennom åra har handsama ein del klager over vegsjefen sine vedtak i saker som til dømes gjeld avkjørsler frå fylkesvegane og likeeins klager på vegsjefen sine vedtak om dispensasjon frå byggegrense etter veglova.

### Saksførebuing.

Den instansen som har fatta vedtaket (underinstansen) skal først ta stilling til klagen og gjennomføre dei undersøkingane klagen gjev grunn til, jf. fvl. § 33. Underinstansen kan ta klagen til følgje og oppheve eller gjere om vedtaket, dersom klagen er velgrunna. Dersom førsteinstansen ikkje tek klagen til følgje, går den vidare til klagenemnda.

Underinstansen skal avvise klagen, dersom vilkåra for å handsame den ikkje føreligg.

Både underinstansen og klageinstansen har eit ansvar for å sikre seg at saka er så godt opplyst som mogleg, og skal m.a. gje ein part høve til å uttale seg om nye opplysningar som kjem fram i klageomgangen.

### Overprøving.

Klagenemnda sine vedtak er endelege og kan ikkje overprøvast forvaltningsrettsleg, men etter vanlege prinsipp i norsk rett kan vedtak i klagenemnda overprøvast i rettsapparatet.

## 2. Samansetning

Klagenemnda er personidentisk med fylkesutvalet. Valperioden 2015-2019 har fylkesutvalet vore samansett slik:

#### Medlemmer

Jenny Følling  
Sigurd Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Trude Brosvik  
Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Helen Hjertaas  
Bjørn Hollevik  
Gunhild Berge Stang

#### Varamedlemmer

Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti:

1. Karen Marie Hjelmeseter, Sp
2. Jon Olav Kvamme, KrF
3. Gunn Åmdal Mongstad, Sp
4. Anders Ryssdal, Sp
5. Arnstein Menes, Sp
6. Ole Johnny Stubhaug, Sp

Arbeidspartiet og Sosialistisk Venstreparti

1. Jakob André Sandal, SV
2. Karianne Torvanger, Ap
3. Henrik Oppen, Ap
4. Torbjørn Vereide, Ap
5. Senea Sabanovic, Ap

Høgre, Venstre og Framstegspartiet:

1. Marita Aarvik, Frp
2. Noralv Distad, H
3. Alfred Bjørlo, V
4. Anne Lilleaasen, H
5. Sonja Øvre-Flo, H

## 3. Klagenemnda sine saker i 2019

Saksnr.	Sakstittel	U.Off.
1/2019	Vågsøy kommune - Klage som gjeld avslag på søknad om utsett ferdigmelding av trafikktryggingstiltak	
2/2019	Klage som gjeld avslag på søknad om ny avkøyrsløse frå fv. 393 - Gbnr. 75/10 - Fjaler kommune	
3/2019	Klage på ordensstraff	x
4/2019	Klage på avslag på søknad om skuleskyss	
5/2019	Felles handsaming av tre klagesaker som gjeld kulturmidlar	
6/2019	Handsaming av klage frå Nærøyfjorden Verdsarvpark - infrastrukturmidlar reiseliv 2019	

7/2019	Klagesak om avslag på søknad om skuleskyss til og frå Eid Vidaregåande skule	
8/2019	Klagesak om manglande oppfølging av ulovleg oppsett mur i avkøyrslø langs fylkesveg 615 i Flora kommune	
9/2019	Klage på avslag på søknad om fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål	x
10/2019	Klage på vedtak om bortvising	x
11/2019	Klage på vedtak om ordensstraff	x

## 4. Samandrag.

Klagenemnda hadde fire møte i 2019, og har i desse handsama 13 klager fordelt på 11 saksnummer.

Klagene fordeler seg på ulike område som samferdsel (skuleskyss, avkøyrslø), opplæring (fritak, bortvising), personalforvaltning (ordensstraff) og næring og kultur (tilskot). Fire av klagene i 2019 gjeld tilskotsforvaltning.

Talet klager er på om lag same nivå som tidlegare år.

## 5. Kort om dei ulike saksområda klagene fell inn under.

Område	Tal klager 2019 (2018)	Medhald	Avslag	Avvising
<i>Opplæring</i>				
<ul style="list-style-type: none"> <li>Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål</li> </ul>	1		x	
<ul style="list-style-type: none"> <li>Bortvising</li> </ul>	1		x	
<i>Samferdsle</i>				
<ul style="list-style-type: none"> <li>Skuleskyss</li> </ul>	2		x	
<ul style="list-style-type: none"> <li>Avkøyrslø (ei sak om nyetablering og ei sak om ulovleg oppsett mur i avkøyrslø)</li> </ul>	2	x (oppheving av avslag på søknad om ny avkøyrslø)		x (ikkje klagerett på manglande ulovleg-oppfølging)
<i>Tilskotsforvaltning</i>				
<ul style="list-style-type: none"> <li>Trafikktryggingstiltak (søkt om utsett frist for ferdigmelding)</li> </ul>	1			x (ikkje klagerett på avslag på søknad om utsett)

				ferdigmeldingsfrist)
• Kulturmidlar	3 (1)		x (x)	
• Infrastrukturmidlar reiseliv	1 (2)	(x)	x (x)	
<i>Personalsaker</i>				
• Ordensstraff	2		x	
<i>Sakshandsaming</i>				
• Klage på avvising	0 (1)		(x)	

## 5.1. Samferdsel

### a. Skuleskyss.

Elevar i vidaregåande skule som bur meir enn 6 kilometer frå skulen, har rett til gratis skuleskyss eller full skyssgodtgjersle, jf. opplæringslova (oppl.) § 7-2. Fylkeskommunen har ansvar for skuleskyss etter oppl. § 13-4. Elevar i grunnskulen har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda dersom dei har «særleg farleg eller vanskeleg skoleveg», jf. oppl. § 7-1. Det finst ikkje nokon tilsvarande rett for elevar i vidaregåande skule, sjå § 7-2.

Klagenemnda har handsama to skuleskyss-klagesaker i 2019. I ei av sakene var det knytt usemje til måten fylkeskommunen måler avstanden på. I den andre var klagegrunnlaget påstand om særleg farleg skuleveg, noko som ikkje gjev rett til gratis skuleskyss for elevar i vidaregåande skule.

### b. Avkøyrslø fylkesveg.

Etter veglova § 40 må avkøyrslø frå fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve. I vurderinga skal vegstyresmakta legge vekt på framkome og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå, jf. mellom anna føremålsføresegna til veglova.

I 2019 har det vore to klagesaker knytt til avkøyrslø frå fylkesveg.

Den eine saka gjaldt etablering av ei ny avkøyrslø, og den andre saka gjaldt ønskje om at fylkeskommunen skulle følgje opp eit ulovleg forhold knytt til ei avkøyrslø.

I den første saka oppheva klagenemnda underinstansen sitt avslag, og sende saka attende for ny vurdering. Saka vart deretter løyst ved at klagar og regionvegkontoret vart samde om ei anna plassering av avkøyrslø.

I den andre saka vart klagen avvist på grunn av at vilkåra for å ta klaga til handsaming ikkje førelåg.

## 5.2. Opplæring.

### a. Fritak

Forskrift til opplæringslova § 3-22 gir på visse vilkår rett til fritak for vurdering med karakter i skriftleg sidemål. Fritaket gjeld berre vurdering med karakter, ikkje undervisninga. Den skulen som kan skrive ut vitnemål for den det gjeld, kan gjere enkeltvedtak om fritak frå vurdering i skriftleg sidemål etter § 3-22.

I 2019 har klagenemnda handsama ei klagesak som gjeld fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

## **b. Bortvising**

Med heimel i opplæringslova § 9 A-11 kan fylkeskommunen fastsetje i ordensreglementet at elevar i vidaregåande skole kan visast bort frå undervisninga i opp til fem dagar dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Ved vedtak om bortvising i vidaregåande skule skal eventuelle klagar handsamast internt i fylkeskommunane.

I 2019 har klagenemnda handsama ei klagesak som gjald bortvising av ein elev for fem dagar.

## **5.3 Tilskotsforvaltning**

Det er i stor grad opp til forvaltninga sitt skjønn og sine prioriteringar å avgjere kven som får tilskot, så lenge vurderingane og avgjerdene er innanfor den ulovfesta læra om myndemisbruk. Det er lagt retningslinjer til grunn for handsaminga av tilskotssøknader, og desse vil gje søkerane ei forventning om kva for omsyn som blir tillagt vekt ved handsaminga. Avgrensingar vert gjort fordi det innan ramma for ordninga ikkje er rom for å støtte alle som søker.

### **a. Kulturmidlar**

Det har vore tre klagesaker som gjeld kulturmidlar i 2019. Klagenemnda si overprøving har først og fremst handla om å sjå til at dei ulike søkerane om midlar har fått ei rettferdig behandling og at dei prioriteringane fylkesdirektøren har gjort er i tråd med fylkeskommunen sin praksis og retningslinjer, og at det ikkje er lagt vekt på utanforliggende omstende.

### **b. Infrastrukturmilar reiselivet**

Det har vore ei klagesak som gjeld infrastrukturmilar til reiselivet i 2019. Klagenemnda si overprøving har først og fremst handla om å sjå til at dei ulike søkerane om midlar har fått ei rettferdig behandling og at dei prioriteringane fylkesdirektøren har gjort er i tråd med fylkeskommunen sin praksis og retningslinjer, og at det ikkje er lagt vekt på utanforliggende omstende.

### **c. Trafikktryggingstiltak**

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) fordeler kvart år trafikktryggingsmidlar til kommunane (TIK midlar). Tilskotsordninga er knytt opp mot fylkeskommunen sitt ansvar etter veglova for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingarbeidet i fylket. Statens vegvesen Region vest (Vegvesenet) er sekretariat for utvalet.

Klagenemnda handsama og avviste ei klage i 2019, som gjaldt søknad om utsett ferdigmeldingsfrist for eit tiltak som var innvilga tilskot.

## **5.4. Ordensstraff (skriftleg åtvaring).**

Ordensstraff for tilsette i ein fylkeskommune er ikkje regulert i lov, slik det er for statstilsette. I fylkeskommunen sin Rettleiar for handsaming av vanskelege personalsaker er skriftleg åtvaring i form av ordensstraff m.a. skildra slik:

*Det er arbeidsgjevar si plikt og rett å organisere, leie, fordele og kontrollere arbeidet (arbeidsgjevar sin styringsrett). Arbeidsgjevar har, innfor ramma av dei avgrensingane som følgjer av lov, tariffavtalar og einsskilde arbeidsforhold, rett til å gje arbeidstakar skriftleg åtvaring i form av tilrettevising eller ordensstraff [...]*

*Skriftleg åtvaring i form av ordensstraff er ein sanksjon frå arbeidsgjevar på at arbeidstakar har misleghalde pliktene sine og grip inn i arbeidstakar sine rettar og plikter.*

Fylkeskommunen gir skriftleg åtvaring i form av ordensstraff i saker som gjeld grove brot på plikter, krav og/eller forventingar. Skriftleg åtvaring i form av tenestleg tilrettevising blir nytta i mindre alvorlege saker.

Klagenemnda handsama to klagesaker om ordensstraff i 2019.

## 6 Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida for klagesakene kan delast i to.

a. Tida frå klagen vert motteken av underinstans til den vert oversendt klagenemnda sitt sekretariat for saksførebuing.

Underinstansen skal gjere nødvendige undersøkingar og opplyse saka så godt som råd. I nokre saker kan dette ta tid. Av dei sakene klagenemnda har handsama i 2019, ligg saksbehandlingstida hos underinstansen i gjennomsnitt på under ein månad.

b. Tida frå klagenemndssekretariatet mottok klagesaka og til klagenemnda behandlar saka og vedtak vert fatta.

Klagesaker som vert sendt over til klagenemnda vert behandla i første møte klagenemnda har etter at dei er mottekne av klagenemnda sitt sekretariat. Saksbehandlingstida er vanlegvis ikkje lenger enn ein til to månadar.

Unntaksvis kan det vera saker som tek lenger tid enn gjennomsnittet.